



Wilhaven Familiebarnehage Ans  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1728 - 18/15802

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
30.05.2018

## Førebels rapport etter tilsyn med Wilhaven familiebarnehage 14.05.2018

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

### Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Wilhaven familiebarnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapitlet *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsyn med Wilhaven familiebarnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

### Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16.Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.*

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningsspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*



I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.

Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 26.02.2018 og som var gjennomført 14.05.2018.

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personer som vart intervjuet i tilsynet :

Namn	Stilling
Marit Samuelsen	Foreldrerepresentant
Anette Wergeland	Assistent
Ranita Wilhelmsen	Eigar og assistent
Kristin Dahl Hansen	Styrar og pedagogisk leiar

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Mette Marei Træland, Meland kommune.

### Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

Foreldrerepresentanten var godt nøgd med barnehagen, det var også tilbakemeldingane frå andre foreldre i Wilhaven. Ho fortalde at dei tilsette i barnehagen var fleksible, følgde ikkje planar slavisk. «Me veit ikkje frå dag til dag kva som skal skje», sa ho. Kvar ettermiddag kunne foreldre lese ein kort rapport om kva som hadde skjedd i barnehagen denne dagen. Foreldrerepresentanten fortalde om dei ulike satsingsområda i barnehagen t.d. lokale songtradisjonar, kunst, bokprosjekt, frå sau til produkt, språk og skulestartargruppe. Barna hadde god tilgang på bøker, både på nynorsk og bokmål.

Satsingsområda i Wilhaven familiebarnehage er desse:

- Lokal songtradisjon
- Kunst, kva er det?
- Språk- og skulestartargruppe
- Bokprosjekt
- Frå sau til produkt

I samtale med dei tilsette fekk mynde høyre om mykje godt språkarbeid i barnehagen. Her kan me mellom anna nemne:

- Innholdsrike samlingsstunder med mykje song og lesing av bøker. Bevisst bruk av nynorske bøker
- Bokstaverer på tavla kvar dag
- Rik songkultur, besøker aldersheimen ein gong i månaden
- Nyttar mykje eventyr, dramatiserer
- Kunstprosjekt, besøker KODE kvart år
- Har språkgrupper
- Har «bokvesker», barna låner med seg heim bøker
- Er på bibliotekstund på biblioteket

Gjennom samtalane med dei tilsette og foreldrerepresentanten fekk mynde eit godt innblikk i kvardagen i barnehagen. Det vart gitt mange døme på godt språkarbeid, både gjennom organisert arbeid, men og gjennom heile barnehagedagen. De utrolige årene, DUÅ, vart framheva som ein god måte å jobbe på. Gjennom denne opplæringa hadde personalet fått ein felles ståstad, eit felles språk. Til tross for god praksis i språkarbeidet i Wilhaven familiebarnehage, var det vanskeleg å sjå dette arbeidet tydeleggjort i skriftlege planar. Då mynde etterspurde skriftlege planar sa ein av dei tilsette dette: «*Me har mykje systematisk språkarbeid i barnehagen, men me ser gjerne ikkje systemet, me berre gjer det*». I samtale kom det fram at barnehagen ønskte å «leve litt i nuet», ikkje vere så styrt av detaljerte planar. Det same sa foreldrerepresentanten, sitat: «*Me veit ikkje frå dag til dag kva som skal skje*».

Wilhaven familiebarnehage har utarbeidd årsplan. I årsplanen er det eit årshjul som skal vere utgangspunkt for vidare arbeid med månadsplanar. Månadsplanane er tilgjengeleg for dei tilsette, men ikkje for foreldre. Døme på månadsplanar vart ikkje lagt fram for tilsynet.

### **Barnehagen som pedagogisk verksemd jfr rammeplan**

*Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane.*

### **Planlegging jfr rammeplan**

*Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.*

### **Årsplan jfr rammeplan**

*Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.*

I forskrift om familiebarnehager § 1 Forskriftens formål og virkeområde, står det sitat:

*«Forskriftens formål er å gi særskilte regler for godkjenning av familiebarnehager og for norm for pedagogisk bemanning i familiebarnehagene. En familiebarnehage er en barnehageform der barna får et tilbud i private hjem. Assistentene i familiebarnehagen skal motta veiledning av barnehagelærer. Ut over de særslilte regler som gis i denne forskriften, gjelder de bestemmelser som er fastsatt i eller med hjemmel i barnehageloven».*

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (rammeplanen) fastset utfyllende føresegrer om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Det er viktig å presiserer at rammeplanen gjeld for familiebarnehagar, her er ikkje gjeve særreglar.

### **Konklusjon**

Som det allereie er sagt vert det gjort mykje godt språkarbeid i Wilhaven familiebarnehage, men når det gjeld krav til planar og skriftleggjering , er dette mangelfullt. I praksis vil det seie at barnehagen må lage gode system for det språkarbeidet dei allereie gjer. I samtale med personale, men og med foreldrerepresentant, vart det sagt at det var lite planar i barnehagen, dei levde litt i «nuet». Spontanitet kan vere positivt, men det fritar ikkje barnehagen for systematisk planlegging.

### **Lovbrot**

Tilsynsmynde har avdekket lovbrøt i Wilhaven familiebarnehage jfr. Lov om barnehage §16 Tilsyn.

### **Tilsynsmynde sine forslag til utbetringar**

- Språkarbeidet i Wilhaven familiebarnehage skal synleggjerast gjennom skriftlege planar.
- Wilhaven familiebarnehage skal sjå til at dei fyller krava i rammeplanen når det gjeld språk-arbeidet.
- Kommunen vil tilby barnehagen rettleiing på språkarbeid jfr § 8 i Barnehagelova

I Forvaltningslova kapittel IV § 16 står det mellom anna, sitat: *Part som ikke allereie ved søknad eller på annan måte har uttalt seg i saken, skal varsles før vedtak treffes og gis høve til å uttale seg innen en mærmere angitt frist.*

Fristen for å gje tilbakemelding på denne rapporten vert sett til **15.06.2018**.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Wilhaven Familiebarnehage Ans

5955

LINDÅS